


Samtykke til tverrfagleg samarbeid

Barnehage, skule og andre instansar vil alltid kontakte føresette for å få samtykke til at forhold rundt deira barn/ungdom skal bli drøfta i ressursgruppa.

Medlemmer i ressursgruppa har teieplikt. Saker som blir drøfta i ressursgruppa er unntake det offentlege etter Helse- og omsorgslova § 3-4 og Forvaltningslova §13nr.1.



**Felles innsats i sam-
arbeid med føresette**



Lom kommune Ressursgruppe

Telefon:	
Loar Skule / Lom Ungdomskule	90892149
Loar Barnehage	46921394
Garmo Barnehage	40448551
Lom Helsestasjon	97667746/ 97667747
Kommunepsykolog	48165518

Nettside: www.lom.kommune.no

Lom Kommune


Informasjon om Ressursgruppe i Lom Kommune



Hjelp til barn og ungdom

Hjelp så tidleg som råd!

I barnehagar og på skulen i Lom kommune er det ressursgruppe. Ressursgruppa er eit samarbeidsmøte mellom føresette og fagpersonar på barn og oppvekst. Gruppa blir samla for å gje barn og unge rett hjelp på eit tidleg stadium.



Ressursgruppe i barnehage og skule

blir styrt av dei som kallar inn til møte.

Føresette får tilbod om å vera med på møta, evt. også barn/ungdom, og det blir henta inn samtykke frå foreldre før møtet.

For at ressursgruppa skal vurdere saka så breitt som mogleg er det både pedagogisk, helsefagleg og barnefagleg kompetanse i gruppa. Det blir fokusert på å få til konkrete tiltak og finne ut kva som kan vera til hjelp rundt barnet/ungdomen.

Faste medlemar i ressursgruppa er:

- Barnehage/skule representant
- Helsesjukepleiar
- Barnevern
- PPT
- Kommunepsykolog

Andre kan bli kalla inn ved behov.

Døme på saker

Ressursgruppa skal vera eit lett tilgjengeleg tilbod som kan ta tak i utfordringane så tidleg som råd. Aktuelle saker kan vera:

- Situasjonar for eit barn som er vanskeleg å handtere i kvardagen.
- Åtferdsvanskar
- Stort fråvær
- Skule / barnehagevegring
- Helseproblem
- Utfordringar i høve samarbeid heim-skule / barnehage
- Osv. osv.

Samarbeid for å hjelpe

Å drøfte saka i eit tverrfagleg samarbeid med føresette kan være ein god innfallsvinkel for å finne ut kva vanskane til barn/ungdom består i.



Tverrfagleg blikk
Tek vare på fleire perspektiv.

Kva for utfordringar strevar barnet med? Kva er prøvd, Kva er ikkje prøvd? Kva kan vera til hjelp? Kva treng barnet? Bør noko utgreiaast vidare? Kva ligg det til rette for å gjere?

Ressursgruppe

Om barnehagen, skulen eller andre instansar ynskjer å drøfte eit barn / ungdom som dei ynskjer å ta opp i ressursgruppa, tek dei først saka opp med føresette. Når føresette har gjeve samtykke finn ein eit tidspunkt som passar og kallar inn til møte.

